




LIVET & SÅNN VENNER - 2. TRINN

SKJERMEN VISER:	I TIMEN:
	Introduser temaet og start med å sjå Venner på skolen - YouTube
	Snakk saman: <ul style="list-style-type: none">Kva ulike typar venner var det vi kunne vere?
	<ul style="list-style-type: none">Vi som går i klasse saman er klassevenner - kva betyr det?Korleis er vi gode klassevenner for kvarandre?
	Nokre her er også nabovenner eller andre typar venner i tillegg. Alle plassar der de høyrer saman i ein flokk skal vi vere snille og gode med alle som er på same plass!
<ul style="list-style-type: none"> ✓ Å vere ein god skolevenn - til læraren ✓ Å vere ein god skolevenn - med elevane 	Å vere ein god skolevenn- Bruk materiell og forklaringar frå denne boksa. Instruksjonar og forklaringar i Til læraren.
	Sjå BlimE-dansen 2013 - YouTube Og syng og dans med!
Leik smitteleken Formål: Vise at handlingar smitter Utstyr: Stolar i ein ring	Forklaring: Meininga med denne leiken er å vise at handlingar smittar. Når éin gjer noko, så gjer plutselig fleire eller alle det same, så kva vi vel å gjere kan vere viktig. Sit i ring, eller på plassane i klasserommet, men bli einige om kva veg handlingane skal smitte. Læraren startar med å gjere noko (for eksempel riste med heile kroppen, göyme ansiktet i hendene, hoppe opp i lufta, smile/le, vinke, danse, hinke, eller liknande). Dette spreier seg gjennom ringen/eller rundt i klasserommet frå person til person - og til slutt gjer alle det samtidig. Det er fint å bytte på å vere den som gjer noko først. Meininga er at leiken skal vere ein gradvis «smitteleik» der rørslene spreier seg bortover. Når de har leika ei stund og alle sit på plassen sin igjen kan de snakke om at på same måte som desse tulle-handlingane smittar, så kan det smitte når nokon seier stygge ord, snur seg vekk, ignorerer, sender stygge blikk og slikt. Få fram at dei som fortset slike handlingar/ord er like ansvarlege som den som gjer det først. Og husk at også positive handlingar smitter! Kva positive handlingar ønsker vi skal smitte her i klassen?
Eller leik Litt hjelp frå venene dine Gje kvart barn eit tørkepapirark som dei legg på hovudet sitt.	<ul style="list-style-type: none">Be barna bevege seg rundt til musikk medan dei prøver å halde papiret på hovudet utan å bruke hendene.Dersom papiret fell av, må barnet stå heilt stille i frys.Så er det om å gjere for andre barn å hjelpe det «frosne» barnet ved å leggje papiret tilbake på hovudet, slik at barnet kan bli med i leiken igjen – helst utan å miste sitt eige papir. 
Denne leiken hjelper elevane med å bli meir merksame på andre som treng hjelp.	



Sjå [Kindness by The Juicebox Jukebox - Be Kind Kids Song Childrens Music New World Kindness Day 2021 - YouTube](#) Denne er på engelsk, men kanskje var det nokre ord elevane forstod? Kva ord kan dei om vennskap på engelsk?

Introduser gjerne [Oppdrag for friminutt - Livet og sånn \(livetogsann.no\)](#) her.



Sjå [Min dust - Marlon - YouTube](#) og snakk om kva som skjedde i filmen, kva kan føre til at venner blir uvenner, og korleis kan ein gjere det bra igjen?

Å reparere relasjon, bruk det som ligg i boksa – der ligg også rettleiing for den vaksne.



Sjå [MattyBRaps - SAD \(ft Sarah Grace\) - YouTube](#) og snakk om kva som skjedde i filmen, korleis var det for Sarah når dei andre gjekk når ho kom bort til dei? Kan vi vere venner sjølv om vi er ulike?

Å handtere å bli avvist – bruk materiell fra «Å vere ein god skolevenn»

Sjå [Cute Friendship story, Cute animation video for kids - YouTube](#) og snakk om det som skjedde. Kva kan vi lære om vennskap frå desse to?

Enda ein film om vennskap de kan sjå og snakke om: [Musikkvideo: ELLEVILLE ELFRIID - Takk for at du er min venn - YouTube](#)

Litt Frosketid? [Pust med en venn - YouTube](#)

Bruk gjerne fleire leikar frå dette leikeheftet: io.kommune.no/tjenester/skole-og-utdanning/robuste-barn/lekehefte/